

Eksamen

Eksamensdato: 1. juni 2016

Fagkode: HEA2002

Fagnavn: Kommunikasjon og samhandling

Programområde: Helsearbeiderfag Vg2

Nynorsk

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timar.
Hjelpemiddel	Alle hjelpemiddel er tillatne, bortsett frå Internett og andre verktøy som kan brukast til kommunikasjon.
Bruk av kjelder	<p>Dersom du bruker kjelder i svaret ditt, skal dei alltid førast opp på ein slik måte at lesaren kan finne fram til dei.</p> <p>Du skal føre opp forfattar og fullstendig tittel på både lærebøker og annan litteratur. Dersom du bruker utskrift eller sitat frå Internett, skal du føre opp nøyaktig nettadresse og nedlastingsdato.</p>
Informasjon om vurderinga	<p>Følgjande kompetansemål vert vurdert i oppgåva:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte kva det vil seie å vere medmenneske, og korleis samspel mellom menneske kan fremjast• drøfte korleis innlevingsevne kan brukast for å løyse eller motverke sosiale problem og fremje psykisk og somatisk helse• greie ut om kva eit terapeutisk miljø er, og gjere framlegg om verkemiddel som kan fremje eit godt terapeutisk miljø• drøfte ulike former for kommunikasjon, og greie ut om korleis kommunikasjon kan fremje tryggleik og tillit <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser fagleg kunnskap og haldningar som er relevante i oppgåvene• viser kreativitet i val av løysingar• viser dugleik i problemløysing• har fokus på brukaren• ser yrkesutøvinga i eit heilhetlig perspektiv

Skildring av ein situasjon:

For 3 veker sidan flytta Else Dahl inn i det bufellesskapet for demente der du er helsefagarbeidar. Else er 74 år, tidlegare bibliotekar og barnlaus. Ho er gift, og mannen vitjar henne kvar dag. Han seier han synest det er vanskeleg at dei ikkje lenger kan bu saman. Dei har tidlegare levd eit aktivt liv og vore glade i å reise.

Else fekk diagnosen Alzheimer for tre år sidan. Else er i god fysisk form, og fram til ho flytta til bufellesskapet, var ho på eit dagsenter tre gonger i veka.

Mannen kan fortelje at sjukdommen utvikla seg ganske raskt. Ho gløymde etter kvart dei vanlege gjeremåla i kvardagen – som å stelle seg, husarbeid og matlaging. Else nekta å motta hjelp frå heimesjukepleia. Else har vore glad i å gå turar, og ho gjekk ofte ut på eiga hand, utan å greie å finne heim att. Mannen torde etter kvart ikkje å la henne vere aleine heime, og følte seg heilt bunden.

På avdelinga verkar Else engsteleg, uroleg, vandrar mykje og seier ho vil heim. Ho vert lett sint og irritert på personalet når dei prøver å hjelpe henne. Dette gjeld også i stellesituasjonar. Ho finn heller ikkje ro når dei er i fellesarealet. Else kjenner mannen sin når han kjem på besøk, og gir tydeleg uttrykk for at ho vert glad. Når mannen skal gå, vil Else vere med, og det oppstår lett situasjonar som er vanskelege for både mannen, Else og personalet.

Svar på disse oppgåvene ut frå skildringa av situasjonen og kompetansemåla i oppgåva:

Oppgåve 1:

Drøft ulike former for kommunikasjon, og grei ut om korleis kommunikasjon kan fremje tryggleik og tillit for Else.

Oppgåve 2:

Når mannen skal gå, vil Else vere med, og det oppstår lett situasjonar som er vanskelege for både mannen, Else og personalet.

Drøft korleis du som helsefagarbeidar kan gjere denne situasjonen enklare for Else.

Oppgåve 3:

Grei ut om kva eit terapeutisk miljø er, og gjer framlegg om verkemiddel som kan fremje godt terapeutisk miljø for Else.

Bokmål

Eksamensinformasjon

Eksamenstid	Eksamen varer i 4 timer.
Hjelpemidler	Alle hjelpemidler er tillatt, bortsett fra Internett og andre verktøy som kan brukes til kommunikasjon.
Bruk av kilder	<p>Hvis du bruker kilder i besvarelsen, skal disse alltid oppgis på en slik måte at leseren kan finne fram til dem.</p> <p>Du skal oppgi forfatter og fullstendig tittel på både lærebøker og annen litteratur. Hvis du bruker utskrift eller sitat fra Internett, skal du oppgi nøyaktig nettsadresse og nedlastningsdato.</p>
Informasjon om vurderingen	<p>Følgende kompetansemål blir vurdert i oppgaven:</p> <ul style="list-style-type: none">• drøfte hva det vil si å være medmenneske, og hvordan samspill mellom mennesker kan fremmes• drøfte hvordan empati kan brukes for å løse eller forebygge sosiale problemer og fremme psykisk og somatisk helse• gjøre rede for hva et terapeutisk miljø er, og foreslå virkemidler som kan fremme godt terapeutisk miljø• drøfte ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit <p>I tillegg vil det bli lagt vekt på at du:</p> <ul style="list-style-type: none">• viser faglig kunnskap og holdninger som er relevante i oppgavene• viser kreativitet i valg av løsninger.• viser ferdigheter i problemløsning• har fokus på brukeren• ser kommunikasjon og samhandling i et helhetlig perspektiv

Situasjonsbeskrivelse:

For 3 uker siden flyttet Else Dahl inn i det bofellesskapet for demente der du er helsefagarbeider. Else er 74 år, tidligere bibliotekar og barnløs. Hun er gift og mannen besøker henne hver dag. Han sier han synes det er vanskelig at de ikke lenger kan bo sammen. De har tidligere levd et aktivt liv og vært glade i å reise.

Else fikk diagnosen Alzheimer for tre år siden. Else er i fysisk god form og frem til hun flyttet til bofellesskapet var hun på et dagsenter tre ganger i uka. Mannen kan fortelle at sykdommen utviklet seg ganske raskt. Hun glemte etter hvert de vanlige gjøremålene i hverdagen – som å stelle seg, husarbeid og matlaging. Else nektet å motta hjelp fra hjemmesykepleien. Else har vært glad i å gå turer og hun gikk ofte ut på egenhånd, uten å greie å finne hjem igjen. Mannen torde etter hvert ikke å la henne være alene hjemme og følte seg helt bundet.

På avdelingen virker Else engstelig, urolig, vandrer mye og sier hun vil hjem. Hun blir lett sint og irritert på personalet når de prøver å hjelpe henne. Dette gjelder også i stellesituasjoner. Hun finner heller ikke ro i spisesituasjonen i fellesarealet. Else kjenner mannen sin når han kommer på besøk og gir tydelig uttrykk for at hun blir glad. Når mannen skal gå, vil Else være med og det oppstår lett situasjoner som er vanskelige for både mannen, Else og personalet.

Svar på disse oppgavene ut fra situasjonsbeskrivelsen og kompetansemålene i oppgaven

Oppgave 1

Drøft ulike former for kommunikasjon og gjøre rede for hvordan kommunikasjon kan fremme trygghet og tillit for Else.

Oppgave 2

Når mannen skal gå, vil Else være med og det oppstår lett situasjoner som er vanskelige for både mannen, Else og personalet.

Drøft hvordan du som helsefagarbeider, kan gjøre denne situasjonen enklere for Else.

Oppgave 3

Gjør rede for hva et terapeutisk miljø er, og foreslå virkemidler som kan fremme godt terapeutisk miljø for Else.



www.vigoiks.no/eksamen